



Vedtekter for Foreldrerådets arbeidsutval ved Hafslo Barne- og Ungdomsskule (FAU HBUS).

Innleiing:

FAU er heimla i opplæringslova. Alle foreldre som har barn i skulen er medlemmar av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som er foreldra si røyst ovanfor skulen. FAU skal sikre reell medverknad frå foreldre og ha medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt.

Vedtekter

§ 1 – Foreldrerådet

Alle foreldre som har barn ved skulen er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeida for å skapa god kontakt mellom heim og skule, leggja til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skapa kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. Medlemmane pliktar å forholde seg til vedtaka som er fatta av årsmøtet.

§ 2 – Foreldre sitt arbeidsutval (FAU)

FAU er vald av foreldrerådet, og er det utøvande organet for foreldra. FAU er bindeleddet mellom foreldra og skulen. FAU skal sikra reell medverknad for foreldra og har medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt.

§ 3 – Organisasjonsform

Foreininga er sjølveiga og ein frittståande juridisk person med medlemmar. At den er sjølveiga inneber at ingen, verken medlemmar eller andre, har krav på Foreininga sin formue eller eigendelar, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktingar.

§ 4 – Val

Kvar klasse vel ein representant til FAU, to klassekontaktar og ein økonomiansvarleg. Dei blir valt om våren innan 15. Mai. FAU Representanten sit i 2 år. Avtroppande representant har ansvar for overføring av informasjon til nyvalt representant. FAU konstituerer seg sjølv på årsmøtet om våren og vel leiar, nestleiar, kasserar, referent og medlemmar til samarbeidsutvalet (SU). Leiar og nestleiar er automatisk valt inn i SU og det blir valt eit medlem og eit varamedlem blant resterande. Det blir valt representantar til komitear/fokusgrupper etter behov.

§ 5 – Oppgåver

- FAU skal arbeida for eit trygt og godt læringsmiljø jamfør opplæringslova.
- FAU skal arbeida for eit skulemiljø fritt for mobbing.

- FAU skal representera alle foreldra ved skulen og bidra til at samarbeidet mellom heim og skule er godt.
- FAU skal vere ein informasjonskanal ut til alle føresette.
- FAU skal samarbeida med både elevråd, skulen si leiing og tilsette.
- FAU bør ta initiativ til sosiale tiltak for elevane.
- FAU kan drøfta form på tilbakemelding elevar og foreldre får på elevane sin faglege og sosiale kompetanse (til dømes metode for utviklingssamtale).
- FAU kan halda kurs for foreldrekontaktar.
- FAU kan halda samlingar for foreldre og lærarar.
- FAU kan ha kontakt med lag, organisasjonar og næringsliv i nærmiljøet.

§ 6 – Møter

- Møte kvar haust med administrasjonen på skulen, klassekontaktar og FAU-representantar, der ein går gjennom handboka, vedtekter og arbeidsoppgåver til foreldrerepresentantane.
- Møteplanen for FAU vert fastsett ved første møte om hausten. (Kan justerast ved behov året igjennom).
- Leiar i FAU har ansvar for å kalla inn til møter i arbeidsutvalet.
- FAU skal ha minimum 4 møter pr. skuleår.
- Ekstraordinære FAU-møter blir haldne når minst 1/3 av medlemmane krev det.
- Møteleiinga er leiar sitt ansvar. Dette ansvaret kan delegerast til andre medlemmar men agendaen skal alltid være kjent for FAU-leiar og resten av FAU.
- FAU sine sakslister og møtereferat skal leggast ut på heimesida til skulen og/eller distribuerast via Visma.
- FAU er vedtaksdyktig dersom 2/3 av medlemmane er til stades.

§ 7 – Teieplikt

Forvaltningslova sine krav om teieplikt gjeld for foreldrekontaktar, jamfør også Opplæringslova. FAU skal mellombels ikkje handsama saker som omhandlar enkeltpersonar, enkeltelevar, enkeltforeldre eller skulen sitt personale.

§ 8 – Økonomi

Det er eit grunnleggjande prinsipp at den offentlege grunnskuleopplæringa skal vera gratis. FAU kan likevel ta i mot bidrag i form av pengegåver eller dugnadar. Pengegåver eller andre bidrag til FAU skal gjevast frivillig og anonymt av foreldre og skal koma alle elevane til gode. FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn. Rekneskap skal leggast fram på siste FAU-møte om våren.

§ 9 – Konflikta i FAU

FAU skal vera eit samlande utval med fokus på det beste for alle elevar. Det er viktig at det er høgde for ueinigheit og diskusjon i FAU. Dersom det oppstår konflikta, må representantane halda seg saklege og ha alle elevar i sentrum.

§ 10 – Rektors rolle

Rektor har ansvaret for å leggja til rette for eit godt heim-skule-samarbeid. Det inneber blant anna at rektor skal sørge for god kommunikasjon med foreldre, ikkje berre enkeltvis, men også gjennom FAU og andre utval. FAU er foreldra sitt organ, men det kan være nyttig å få informasjon direkte frå skulen si leiing. Dette styrer rektor si deltaking på FAU-møter.

§ 11 – Samarbeid mellom FAU og andre utval på skulen

FAU skal samarbeida med Elevrådet, Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU) jamfør Handbok for foreldrerepresentantar Hafslo barne- og ungdomsskule.

§ 12 – Signaturrett

Ein treng tre medlemmar i fellesskap som har signaturrett, der ein av medlemmane er leiar eller nestleiar.

§ 13 – Oppløysning

Oppløysing av Foreininga kan berre handsamast på årsmøte, og krev 2/3 fleirtal. Foreininga sin formue skal etter oppløysning og gjeldsavlegging tilfalla det formål Foreininga arbeida for å fremja, ved at nettoformue vert gjeve tilbake til Foreldrerådet eller ein ideell organisasjon som årsmøte vedtek. Ingen medlemmar har krav på Foreininga sine midlar eller del av desse.

§ 14 – Årsmøte

- Årsmøtet, som skal haldast innan 15. Juni kvart år, er Foreininga si høgaste myndigheit.
- FAU-Representantar og klassekontaktar for inneværande skuleår vert kalla inn til årsmøte.
- Nyvalgte FAU-Representantar og klassekontaktar for neste skuleår kan delta som observatørar med tale og forslagsrett.
- Møteleiar vert valt av årsmøtet.
- Årsmøtet er vedtaksført med at alle medlemmar som møter har ei stemme kvar.
- Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak, for å vera gyldig, vera avgjort med alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmene. Like mange stemmer vert avgjort med loddrekning.
- FAU kallar inn til årsmøtet med minst ein månad varsel, direkte til medlemmane. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, skal vera sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vera tilgjengeleg for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet.
- Årsmøtet kan ikkje handsama forslag som ikkje er oppført på sakslista, med mindre 3/4 av dei frammøtte krev det. Forslag til endringar i vedtektene må sendast skriftleg til FAU. Endringar blir teke opp og handsama i FAU som sender tilråding til årsmøtet. Årsmøtet vedtek endring eller ikkje. Endring av vedtekter krev 2/3 fleirtal.

§ 15 – Årsmøtet

Agenda på årsmøte:

- Val av møteleiar, referent og representantar til å signera protokollen (referatet).
- Godkjenning av innkalling og dagsorden for møtet.
- Regnskap.
- Behandla innkomne saker.
- Godkjenne val av klassekontaktar og økonomiansvarlege.
- Konstituering av FAU, samt medlemmer til SU og andre arbeidsgrupper.

§ 16 – Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte vert haldne når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av medlemmane krev det. Innkalling skjer på same måte som for ordinært årsmøte, med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama og ta avgjersle i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

Vedteke av FAU HBUS 20.06.2023